

**Fra:** [Johann Roppen](#)  
**Til:**  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 1/2021, 7. JANUAR  
**Dato:** torsdag 7. januar 2021 10:5:34

---

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 1/2021, 7. JANUAR**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **KORONA (1) BERRE DIGITAL UNDERVISNING - HEIMEKONTOR FOR MANGE TILSETTE**

Innskjerpa nasjonale smitteråd har ført til at all undervisning ved Høgskulen i Volda blir digital fram til 18. januar. Dei fleste tilsette jobbar heimanfrå i same tidsromet. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **KORONA (2) TESTSTASJON FOR STUDENTAR PÅ HØGSKULEN**

Studentar får tilbod om koronatesting på Høgskulen i Volda nokre få dagar no i starten av semesteret. Studentar har fått særleg beskjed om dette tilbodet gjennom Canvas. Testinga blir tre torsdagar framover i C-paviljongen kl 15-16, og ein må tinge time på førehand. Det er altså ikkje høve til å berre stikke innom for test utan førehandsavtale.

[Les meir på nettsidene våre.](#)

### **KORONA (3) BIBLIOTEK, KANTINA OG BOKHANDEL HELD OPE**

[Kantina i Berte Kanutte-huset](#) har hatt redusert opningstid dei første dagane i 2021 og melder om nokså få kundar. Planen er å halde fram med redusert opningstid sjølv om det eigentleg ikkje er kundegrnlag for det. [Biblioteket](#) og andre fellesfunksjonar på høgskulen er ope på vanleg måte, men med særleg fokus på smittevern. Studentar har tilgang til spesialrom for mediefag, musikk, teater/drama, verkstader og i idrettsbygget for eigenorganiserte øvingar, men det er all timeplanfesta undervisning er digital. [Akademika-bokhandelen](#) har vanlege opningstider (9-16) og melder om bra boksal både i butikk, telefon og på nett. Studentar som ønsker å få bøker sendt i posten får naturlegvis det.

### **KORONA (4): FLEIRE SMITTA I VOLDA OG ØRSTA - MANGE I KARANTENE**

Dei siste vekene har det vorte påvist fleire smitta i Ørsta og Volda og i andre kommunar på Sunnmøre. Volda og Ørsta kommunar oppmodar alle med symptom på forkjøling om å ta ta kontakt for å ta koronatest.

Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda og Ørsta kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona og der det også kan tingast time til testing.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

[Koronainformasjon frå Ørsta kommune.](#)

### **KORONA (5): FÆRRE UTANLANDSSTUDENTAR TIL HØGSKULEN I VOLDA**

Det var venta ca 40 utanlandsstudentar til Høgskulen i Volda i vårsemesteret 2021, men det vil bli noko færre fordi somme har trekt seg frå utveksling heilt i det siste. Somme av dei er alt på plass i Volda medan andre er i karantenehotell. HVO har avlyst alle studieturar, feltarbeid eller praksisopphald i utlandet våren 2021.

### **FØRSTE DISPUTAS PÅ HØGSKULEN I VOLDA: STEIN CONRADSEN DISPUTERER 19. FEBRUAR**

[Høgskulelektor Stein Conradsen](#), AHL, har fått godkjent doktorgradsavhandlinga si og skal forsvare den i disputas på Høgskulen i Volda 19. februar 2021. Tittelen på

avhandlinga er: ""Patients' knowledge and their trust in healthcare personnel in elective surgery. A mixed methods study including an extended theoretical discussion". Conradsen har vore ph.d.-student på det Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde sitt felles doktorgradsprogram: [Helse- og sosial - Profesjonsutøving - vilkår og utvikling](#), og er den første frå Høgskulen i Volda som disputerer på programmet. Conradsen har tidlegare arbeid blant anna i Helse Møre og Romsdal sitt lærings- og meistringssenter før han vart tilsett som stipendiat ved Avdeling for samfunnsfag og historie og seinare tilsett som høgskulelektor i pedagogikk på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning ved Høgskulen i Volda.

## **INVITASJON TIL STUDENTAR OM Å MELDE SEG TIL FADDERSTYRET FOR 2021**

Har du lyst å bidra til at fadderveka ved Høgskulen i Volda i 2021 blir heilt magisk? Då kan du søke på eit av deg seks verva i faddervekestyret fram til og med 31. januar. [Les meir på nettsidene våre](#).

## **VIKTIGE DATOAR 2021**

Det har vore trongt på høgskulen i mange år, og med koronaen vart det endå verre. Så planlegging er viktigare enn nokon gong. Datoar for fleire fellesarrangement og andre store arrangement i 2021 er på plass - og står også som fast post lenger nede i nyhendebrevet:

8.-12.2.2021: [Internasjonal veke/internasjonale dag](#)

3.6.2021: Etatstyringsmøte 2021, KD, på Høgskulen i Volda

16.-17.06.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde

24.-28.09.2021: [Forskingsdagane 2021](#)

01.10.2021: 50-års jubileum for [Avdeling for mediefag](#)

29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#)

03.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)

## **HAR DU REGISTRERT PUBLISERINGANE DINE? CRISTIN-FRIST 15. JANUAR**

Seinast 15. januar 2021 må fagtilsette ha registrert FoU-arbeid frå 2020 i Cristin-systemet. [Her er lenke til Cristin-pålogging](#). Ta gjerne kontakt med [rådgivar Geir Tangen](#) om du har spørsmål om registrering.

## **MANGE NYE MASTEROPPGÅVER - LES DEI PÅ NETTSIDENE VÅRE**

Dei beste masteroppgåvene frå HVO-studentar er tilgjengelege for alle som ønskjer å lese dei i nettarkivet "Bravo". Nokre av dei siste oppgåvene:

[«Det må komme fra ungdommene sjøl». En kvalitativ studie om ungdomsmedvirkning](#) av Kristin Audestad (Samfunnsplanlegging og leiing)

[Betre føre var enn etter snar? Ein case-studie om korleis ein kommune arbeider førebyggjande med samfunnstryggleik](#) av Vivian Kjøpstad (Samfunnsplanlegging og leiing)

[Ein studie av kvinner i etableringsfasen. Eit kjønnsperspektiv på fråflyttingsproblematikken](#) av Ragnhild Løseth Aasen

[Felttoget i Rogaland, 1940. Hvorfor klarte ikke de norske styrkene å yte større motstand?](#) av Thomas Schanke Eikum (Kulturarmøte)

[Sild i kokebøker rundt Nordsjøen mellom 1837 og 1929. Fellestrekk og forskjeller i Danmark, Norge og Skottland](#) av Hans Morten Sundnes (Kulturarmøte)

[Med kulturkaoset i kroppen? En diskursanalyse av den tredje spiseforstyrrelsen](#) av May Catherin Ulstein (Helse og sosial)

[Her lenke til Bravo på nettsidene våre med fleire masteroppgåver, forskingsrapportar og andre publiseringar.](#)

### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også å registrerer publiseringane dine i Cristin.](#)

### **PUBLISERINGAR (2): NYE RAPPORTAR, STUDENTOPPGÅVER OG ANDRE ARBEID**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

### **PUBLISERINGAR (3) KLØVE JUUHL HAR REDIGERT TEMANUMMER AV NORDIC JOURNAL OF LITERACY RESEARCH**

[Førsteamanuensis Gudrun Kløve Juuhl](#), AHL, har vore redaktør for temanummeret [Barn og unges fritidstekstar og tekstpraksisar i Nordic Journal of literacy research vol. 6 \(3\)](#) saman med [førsteamanuensis Maja Michelsen](#) frå Høgskulen i Østfold. Juuhl har sjølv følgjande bidrag i temanummeret:

Gudrun Kløve Juuhl og Maja Michelsen: [Forskning på barn og ungdoms tekstar og tekstpraksisar på fritida, med eit nordisk fokus.](#)

Gudrun Kløve Juuhl: [Hjartemaskiner og husnummer. Femåringars eigeninitierte tekstar – bruk og retorisitet.](#)

### **PUBLISERINGAR (4) RUNE KRUMSVIK-KRONIKK I DAGENS MEDISIN**

[Professor II Rune Johan Krumsvik](#), AKF, har publisert kronikken "[Doktorgradsstipendiater – og effekt av digital undervisning?](#)" i nettavisa Dagens Medisin som omtalar seg som Noregs største uavhengige nyhendekanal for helsevesenet.

### **PUBLISERINGAR (5) KNUT-WILLY SÆTHER I THEOFILOS**

[Professor Knut-Willy Sæther](#), AHL, har publisert artikkelen "[The apologetic fruitfulness of a revised natural theology](#)" i tidsskriftet Theofilos. Theofilos er eit nordisk vitskapleg tidsskrift som tek føre seg teologi, filosofi og kultur og tilgrensande fagområde.

### **PUBLISERINGAR (6) BURCU PEKSEVGEN HAR GITT UT BOK:**

#### **"PRESENTATION OF DEMOCRACY CULTURE AND NEWS IN TURKISH MEDIA"**

[Førsteamanuensis Burcu Peksevgen](#), AMF, har publisert boka "Presentation of Democracy Culture and News in Turkish Media" på forlaget Peter Lang.

### **PUBLISERINGAR (7): BURCU PEKSEVGEN I «GLOBAL MEDIA JOURNAL» (TYRKIA)**

[Førsteamanuensis Burcu Peksevgen](#), AMF, har publisert artikkelen «[Czechoslovakia, Václav Havel and The Velvet Revolution in Cumhuriyet Newspaper](#)» i tidsskriftet Global Media Journal (Turkish edition).

### **PUBLISERINGAR (8) MANGE AMF-TILSETTE REPRESENTERTE I BOK PÅ INTERNASJONALT FORLAG**

Tilsette ved Avdeling for mediefag er sterkt representerte i ei bok som nett har kome ut på forlaget Peter Lang: Themes in Issues, Risk and Crisis Communication. Redaktør for boka er [førsteamanuensis Burcu Sabuncuoglu Peksevgen](#), AMF, og i alt er det åtte AMF-tilsette som har bidrege i boka:

[Førsteamanuensis Sefik Peksevgen](#): "[Remembrance of the Things Past: Crisis Management When a Sultan Dies](#)"

[Høgskulelektor Kristian Fuglseth](#): "[Issues Management in Local Government: A Case](#)

[Study of Risk Assessment and Issue Management in National Contingency Plans for Local Governments"](#)

[Professor Svein Brurås: "Crisis Reporting and the Ethics of News Media"](#)

[Førsteamanuensis Idar Flo: "Framing of the Child Welfare Services in the «Naustdal-Case»"](#)

[Førsteamanuensis Burcu Peksevgen, førsteamanuensis Erling Sivertsen, førstelektor Jan Arne Halvorsen: "A New Habitats for Universities in Norway: Crisis in Democracy"](#)

[Stipendiat Endre Eidsaa Larsen: "Abounaddara and the Concept of Dignified Images"](#)

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2021**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

8.-12.2.2021: [Internasjonal veke](#)

19.2.2021: [Disputas](#) for [Stein Conradsen](#), AHL, på HVO

4.3.2021: [Styremøte](#)

18.-19.03.2021: Avdelingsseminar, ASH

29.04.2021: [Styremøte](#)

10.06.2021: [Styremøte](#)

16.-17.06.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde

9.09.2021: [Styremøte](#)

24.-28.09.2021: [Forskingsdagane 2021](#)

1.10.2021: 50-års jubileum for [Avdeling for mediefag](#)

20.10.-21.10.2021: [Styreseminar og styremøte](#)

29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#)

3.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)

9.12.2021: [Styremøte](#)

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)



